

Til

Norsk Etnologisk Gransking!

Emne nr. 7. "Skav" og 8. "Beit og brom" har eg
for svara på. Men eg har samla litt meir om
dette. Difor sender eg desse svara på nytt.

Jönna 29. juni 1948.

Tydsamt
Olav Furuset.

1855

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Elvenom

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag: Bjørsetgrenda

Oppskr. av: Olav Furuset

Gard: Søbråten og Bakken

(adresse): Jønna st.

G.nr. 1 og 3 ← Br.nr. 4 og 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Hans Bråten 87 år, fideiødomann Bjørsetgrenda Jønna st.
 Emilie Jønisen 74 " , fideiøds-kone — " — " — "

SVAR

1. Like til ikring 1880 åra tok dei mykje furubeit til sau og gjeit i Bjørsetgrenda. Furua ein nytta til dette skulle ikkje vera støre enn ho hadde grønne greiner heilt ned. Ho måtte ikkje vera så stor at dei måtte trehogge ho. Ja, slik stod det i dei tinglesne papira dei hadde på Hornbergsenga, der alle rettigheter garden hadde var fastsett.

2. Å ta beit var rekna for smågutt-arbeid hadde han Hans Jensen Hornbergsenga tala om (f. 1867). Dei hogg eit parleg fanga som dei drog etter seg i eit reip, eller på ein skikjelke.

Fjorte dei heim støre mengder tallbeit test dei det som høy og brukte "vårskier" og smørkal.

3. Tallbeit (furu) brukte dei ratt heile vinteren. Å ta heim vinterveden i heile tre har aldri vori brukt, det eg kan skyna.

Brom kalte dei ris dei tok på hengebjørk i berglunde ^{i serjaktida} vør våren.

2
Aller helst tok dei brom i barflekkaner om våren.

"Når bjørka tok til å sputte om våren tok vi kvist på hengebjørk og hakka og ga kua," fortalde Emilie Tønisen. "Da er han go," la ho til.

4. Når ein skulle ta beit og brom nytta ein mest alltid oks.

Bjorkeriset hogg dei av og samla dei i sfangar som lange loband, sa han Hans Bråten.

5. Det var kua som fekk brom. Like inn-til i 1875 kunne ein sjå store hauger kagnaga brom utanfor mange fjøs i Bjørsetgrenda. (Hans Bråten).

Somme ga brom finhakka. (Emilie Tønisen).

Fallbeit nytta dei åt sau og gjest og dyra fekk heile buska oppi bingen om gongen. Dei henge dei opp foester. Beit blanda dei aldri med anna forda ville ikkje dyra eta det.

6. På Hornbergenga la dei beit opp i ein haug og skrypte sana ut så dei fekk gnaga der, hadde han Hans Jensen tala om. Det var ellers ikkje så vanleg. Fjorke dei heim heile sledevendinga med beit reiste dei det opp ved ein vegg så det skulle bli lettare å ha att. ellers tok da aldri serleg mye heim om gongen.

I 1880-åra slutta dei å bruke beit på Torgerud, like eins på Hornbergenga.

"Vi var like innpå Berjemyrå og tok grantar som vi hakke og ga kuen. Det var eit holt med slik fin hengegran der. Eg trur eg skal finna det ennå om eg kjem der," sa ho Emilie Tønisen. (Dette var mellom 1885-90.).

3

Innsamling av rasklauv tok stort mellom
1910-20 her i Heradsbygda.

Dei ukna heggelauvet var giftig. Ho Ragn-
hild Lya heldt på å gi ihel gjætene sine i
Bjørsetsetra ein vår. Dei vart så stinne så
dei heldt på å sprekke. Ho arbeidte falt med
dei og greide tilsist å berge dyra sine.

Ho Olia Bakken ga ihel ho' begge kuen sine
ein vår kring 1860, ho. Det kom seg og ta
heggelauv.

— " —

Litt om andre vokskar.

Maubut, gul rølekk, kvitlauk, persille og
smellgras (*Lilene vulgaris*) var bra både for
folk og krotte.

Smellgras var serleg bra åt hesta.

"Det var smått stell med jordbruket i
oppveksten min og. Vårknipa var årviss.
På Loby, der dei nå har hi kjyr, fødte det
han far med kunster og knep ei. Ja, i den
første tida han bodde der var det nok
berre småfen. Om sumaren ft plukka vi
Finsk (*Calamagrostis arundinacea* og *C. purpurea*)
mellom kjerr og kratt og tørke i breier heime
på gardsplassen.

På klakungen om hausten tok han far
ljæn på nakken og drog inn på fjønna
og slo stor. Det var så blant her sumer-
tid at ein kunne ikkje slå for. Vi unga
var med og raka. (Emilie Törnisen, 74 år).
Tørka elveskjete reknar dei som godt for.

4

(elvskjefte = *Equisetum limosum*) Hos Hans Markesbad
på Lormund gård i Bjørsetgrenda såg eg i 1945 ei
stor breie med elvskjefte til tirk i 1945. Det
veks mye elvskjefte i Glåmma ved Lormund.

Mange storarter slo dei til vinterfor. Etter
Glåmma veks ein storvoksen starr (*Carex aquatilis*). Denne har eg sett folk har slått til vinterfor og rodd heim heile båtlasten av. (1930)

1855

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING